

# Referat foreldremøte 28.august 2019

## **Klokka 18-20:**

Storforeldremøte med Line Melvold ang psykisk helse hjå borna våre.

## **Klokka 20-20.20:**

Styrar informerar om at Gaupne barnehage og dei andre barnehagane i kommunen er med som pilot-barnehagar ang psykisk helsefremjande leikemiljø, gjennom STYD-kommunikasjon.

Barnehagen har hatt besøk av fire tilsette i STYD som har observert leikemiljøet vårt, og kome med innspel. Difor vil nok det bli nokre endringar; etter tips frå dei.

Styrar informerar òg om at i tillegg til leikemiljøet vårt har me song og IKT som satsingsområde hjå oss i komande periode. Og at me ynskjer å nytte friluftsliv som metode.

Gaupne barnehage har hatt ein base som midlertidig løysing, men prosessen på permanent løysing er i gang. Informasjon om kva alternativ som er aktuelle, og at det er viktig at dersom foreldre har synspunkt eller idear er det viktig å melde i frå om dette.

Gaupne barnehage er med på eit prosjekt som handlar om å bruke sang som overgangsobjekt, og i oppstarten til borna våre. Dette håpar me skal trygge dei ved barnehagestart, og ved overgangen til ny base.

Alle foreldre til alle barn som er fødde i 2014, 2015 og 2016 har fått informasjonsskriv om eit forskningsprosjekt som handlar om fysisk aktivitet i barnehagen, for å fremje fysisk og psykisk helse hjå barn. Dette prosjektet heiter Act Now. Dei som ynskjer kan delta på dette.

Alle barnehagar i Sogn og Fjordane har fått mogelegheit til å delta på dette. Dei som har meldt seg på blir delt i to; kontrollbarnehage og tiltaksbarnehage. Dette blir trekt 2.september. Dei som blir tiltaksbarnehagar får dekka vidareutdanning til nokre i personalet + styrar, for å auke kompetansen om fysisk aktivitet.

## **20.20-21.00**

Basevis med informasjon om gruppa, året og val av FAU-representantar

Ref: Anne Merethe